



Innkalling til Kommunestyret

Møtedato: 18.06.2014
Møtestad: Klubbhuset til Nordre Holsnøy Idrettslag i Leirdalen
Møtetid: 17:00

Kommunestyremedlemene vert med dette kalla inn til møtet. Den som har lovleg forfall, eller er ugild i nokon av sakene, må melda frå så snart råd er, tlf. 56171000, slik at varamedlem kan verta innkalla.

Dokument som ikkje er tilsende, kan du få kopi av på dokumentsenderet. Dokument som ikkje er offentlege, vil bli utlevert i møtet. Dersom medlemene på førehand ynskjer å gjera seg kjend med innhaldet i desse dokumenta, er dei tilgjengelege på dokumentsenderet.

Varamedlemmer møter berre etter nærare avtale.

Kommunestyret startar med spørjetime.

Det vert kalla inn til årsmøte i Meland Frivilligsentral kl. 15:00. Det vert halde greneralforsamling i Meland Utbyggingsselskap AS kl. 16:00.

I starten av møtet vil det bli delt ut «Drømmestipend», som er eit talentstipend som vert gitt av Norsk Tipping og Norsk Kulturskuleråd.

Sakliste

| Saknr | Tittel |
|---------|--|
| 34/2014 | Godkjenning av innkalling og sakliste |
| 35/2014 | Godkjenning av møtebok |
| 36/2014 | Referatsaker |
| 37/2014 | Rekneskap og årsmelding 2013 |
| 38/2014 | Revidering av driftsbudsjett for 2014 |
| 39/2014 | Økonomiplan 2015 - 2018 |
| 40/2014 | Investeringsprosjekt - orientering om organisering, ansvar og prosjektstyring etter omorganisering |
| 41/2014 | Søknad om vidare permisjon frå politiske verv |
| 42/2014 | Plan for interkommunalt samarbeid innan helse- og omsorgstenesta i Region Nordhordland 2014-2017 |
| 43/2014 | Tariffrevisjonen per 01.05.14 - uravrøysting |
| 44/2014 | Revidering av vedtekter for Meland ungdomsråd 2014 |
| 45/2014 | Høyring om ny rammeplan for kulturskulen |
| 46/2014 | Reguleringsplan Hoplandsdalen Jorddeponi - 5.g.handsaming - Framlegg til godkjenning |

25. mai 2016

Nils Marton Aadland
Ordfører

Randi Helene Hilland
konsulent

Sakspapir

| Saksbehandlar | Arkiv | ArkivsakID |
|----------------------|-------|------------|
| Randi Helene Hilland | | 14/2530 |

Godkjenning av innkalling og sakliste

Saksopplysningar:

Framlegg til vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent.

Sakspapir

| Saksbehandlar | Arkiv | ArkivsakID |
|----------------------|-------|------------|
| Randi Helene Hilland | | 14/2530 |

Godkjenning av møtebok frå møte 14.05.14

Framlegg til vedtak:

Møtebokfrå møte 14.05.14 vert godkjent.

Sakspapir

| Saksbehandlar | Arkiv | ArkivsakID |
|----------------------|--------------|-------------------|
| Randi Helene Hilland | | 14/2530 |

Referatsaker

Sakspapir

| Saksbehandlar | Arkiv | ArkivsakID |
|----------------|----------|------------|
| Per Inge Olsen | FE - 210 | 14/1791 |

Rekneskap og årsmelding 2013

Vedlegg:

Årsmelding 2013 Meland kommune

Årsrekneskap 2013 Meland kommune

Nr 11 Revisjonsrapport Meland Årsrekneskap 2013

Melding frå revisor - Fråsegn om årsrekneskapen

Særutskrift 14/14 Uttale til årsrekneskapen 2013

Saksopplysningar:

Meland kommune leverer i 2013 det beste økonomiske resultatet i kommunen sin nyare historie. Kommunen har eit netto driftsresultat på kr 29,9 mill, som utgjør 6,4 % av sum driftsinntekter. Til samanlikning vart netto driftsresultat i 2012 på kr 2,2 mill (0,5% av driftsinntektene), slik at resultatbetringa i 2013 er på kr 27,7 mill. Trekk ein frå overføringar av momsrefusjon til investeringsrekneskapen og netto avsetningar til fond er resultatet på kr 21,1 mill. Revidert budsjett for 2013 syner eit netto driftsresultat på kr 19,2 mill. Resultatet er såleis kr 10,7 mill betre enn budsjett.

Netto driftsresultat på kr 29,9 mill er disponert slik etter krav i lover og forskrifter:

kr 5,1 mill er momsrefusjon som vert overført til investeringsrekneskapen

kr 5,2 mill er avsetning til bundne driftsfond

kr 1,5 mill er bruk av bundne fond

kr 21,1 mill til anna disposisjon.

Kommunen har pr 31.12.2012 til saman kr 18 073 417 i rekneskapsmessig meirforbruk frå tidlegare år må dekkjast inn. Av dette må kr 13 912 472 dekkjast inn i 2013, medan kr 4 160 675 må dekkjast inn i løpet av 2015. Rådmann gjer framlegg om at heile det rekneskapsmessige meirforbruket frå tidlegare år på kr 18 73 417 vert dekkja inn i 2013.

Etter dette sit kommunen igjen med eit netto mindreforbruk (overskot) på kr 3 007 080, som rådmann gjer framlegg om å avsetje til disposisjonsfond i trå med fylkesmannen sin kommentar i godkjenning av Meland kommunen sitt budsjett for 2014 i skriv datert 11. april 2014.

Kommunen sitt investeringsrekneskap viser at det er føreteke investeringar i anleggsmiddel på kr 47,6 mill, av dette er kr 13,05 mill til vassverk og avlaupsanlegg. Utlån og forskotteringar, avdrag på lån og avsetningar er på til saman kr 11,2 mill, slik at årets finansieringsbehov i investeringsrekneskapen er på kr 58,8 mill. Revidert budsjett var på kr 61,3 mill, slik at det brutto i

2013 er ført kr 2,5 mill mindre i investeringsrekneskapen enn budsjettet.

Framlegg til årsmelding for 2013 og årsrekneskap for 2013 følger som vedlegg til saka. Årsmeldinga gjev ei utfyllande forklaring til det gode resultatet.

Framlegg til vedtak:

1. Rekneskapen for Meland kommune for 2013 vert godkjent i samsvar med revisor si melding med eit rekneskapsmessig mindreforbruk på kr 3 007 080,-.
2. Rekneskapsmessige meirforbruket frå tidlegare år på til saman kr 18 073 417 vert fullt ut dekkja inn i 2013.
3. Mindreforbruket for 2013 på kr 3 007 080 vert å avsette til styrking av kommunen sitt disposisjonsfond.

Formannskapet - 34/2014

FS - behandling:

Økonomisjef Per Inge Olsen orienterte.

FS - vedtak:

1. Rekneskapen for Meland kommune for 2013 vert godkjent i samsvar med revisor si melding med eit rekneskapsmessig mindreforbruk på kr 3 007 080,-.
2. Rekneskapsmessige meirforbruket frå tidlegare år på til saman kr 18 073 417 vert fullt ut dekkja inn i 2013.
3. Mindreforbruket for 2013 på kr 3 007 080 vert å avsette til styrking av kommunen sitt disposisjonsfond.

Kommunestyret - 30/2014

KS - behandling:

Økonomisjef Per Inge Olsen orienterte. Kommunerevisor Reidar Bjørsvik svarte på spørsmål.

Framlegg til vedtak frå Ida Cecilie Alvær:

Utsette saken til etter møtet med barnehagene og ser på konsekvensene av det.

Avrøysting:

Utsetjingsframlegget fekk 21 røyster for, (AP, SP, FrP, KrF, V. SAM, MDG, Uavh), 6 røyster mot, (H), og er såleis vedteke.

KS – vedtak (mot 6 røyster):

Utsette saken til etter møtet med barnehagene og ser på konsekvensene av det.

Sakspapir

| Saksbehandlar | Arkiv | ArkivsakID |
|----------------|--------------------|------------|
| Per Inge Olsen | FE - 150, FE - 216 | 14/2543 |

Revidering av driftsbudsjett for 2014

Vedlegg:

Rammer revidert budsjett 2014

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Med bakgrunn i følgjande har det framkomme behov for å justere budsjettet for 2014:

- årsrekneskapan for 2013
- informasjon frå dei månadlege økonomiske rapporteringane
- arbeidet med berekning av tilskotet til dei private barnehagane for 2013 og for 2014
- arbeidet med økonomiplanen for perioden 2015 – 2018

1. **Revidering av budsjetterte inntekter og netto finanspostar:**

Årsrekneskapan for 2013 kjem ut med overskot, og det er såleis ikkje trong for avsette midlar i budsjettet for 2014 på kr 13,8 mill til inndecking av tidlegare års meirforbruk.

Skatteanslaget for 2014 for Meland kommune er oppdatert i prognosemodellen frå KS som kommunen nyttar til berekning av rammetilskot og skatteinntekter i samband med økonomiplanarbeidet for åra 2015-18. Prognosane for 2014 syner at veksten i skatteinntektene nasjonalt og i Meland kommune vert lågare enn rekna med i budsjettet. I tillegg har kommunen færre innbyggjarar pr 1. januar 2014 enn rekna med i opphavleg budsjett, noko som reduserer forventa skatteinntekter monaleg, med kr 3,8 mill til kr 181,6 mill. Dette inneber ei auke på 4,4% frå 2013, medan veksten i rekna med i opphavleg budsjett frå 2013 var på 8,5%.

Tek ein omsyn til at skatteinntektene i 2013 vart høgare enn rekna med, treng vi ein vekst i skatteinntektene på 6,6% i 2014 for å nå budsjettet. Prosentvis er såleis prognosen for skattevekst i 2014 2,2% lågare enn kva han må vere for å nå budsjettmålet for 2014.

Utskriving av 1. termin av eigedomsskatten for 2014 tyder på at inntekta frå eigedomsskatten totalt vert for 2014 vil verte kr 0,5 mill høgare enn budsjett. I sum gjer vi difor framlegg om å redusere inntekta i revidert budsjett for 2014 frå skatt og eigedomsskatt med netto kr 3,3 mill.

Sum inntekter og finansposter vert netto auka med tilsaman kr 10,5 mill.

2. **Revidering av budsjettert utgiftsramme:**

a. Drift av Marihøna barnehage:

Som følgje av at barnehageopptaket for hausten 2014 viser at det vert 6 færre born i

Marihøna barnehage har ein redusert bemanninga i barnehagen tilsvarande ein årseffekt på kr 300.000,- i lønnskostnadar, og ein gjer framlegg om å redusere utgiftsramma tilsvarande.

Kombinasjonen av reduserte lønnskostnadar og redusert barnetal gjev netto ein kalkulert reduksjon i tilskot til dei private barnehagane med kr 1,1 mill. Denne effekten er inkludert i framlegg til budsjettjustering av tilskotet til dei private barnehagane med kr 5,2 mill i punktet nedenfor.

a. Drift av Marihøna barnehage:

Som følgje av at barnehageopptaket for hausten 2014 viser at det vert 6 færre born i Marihøna barnehage har ein redusert bemanninga i barnehagen tilsvarande ein årseffekt på kr 300.000,- i lønnskostnadar, og ein gjer framlegg om å redusere utgiftsramma tilsvarande.

Kombinasjonen av reduserte lønnskostnadar og redusert barnetal gjev netto ein kalkulert reduksjon i tilskot til dei private barnehagane med kr 1,1 mill. Denne effekten er inkludert i framlegg til budsjettjustering av tilskotet til dei private barnehagane med kr 5,2 mill i punktet nedenfor.

b. Tilskot til private barnehagar:

I kommentarane til budsjettet for 2014 skreiv vi at vi rekna med at vi med utsetting av framlegg til forskrifts-ending vedrørande berekningsmodell for tilskot til private barnehagar ville få ei innsparing på kr 10 mill. Etter at barnetall i den kommunale og den private barnehagen er klarlagt pr 15.12.2014 ser vi at vi ikkje får så stor innsparing.

Vi gjer framlegg om å redusere budsjettet tilskot til dei private barnehagane med kr 5,2 mill.

Færre barn i den kommunale barnehagen enn rekna med aukar tilskotssatsen monaleg. I tillegg er det fleire born i dei private barnehagane enn vi rekna med i budsjettet, og dette aukar den totale budsjettsummen. I budsjettet tok vi dessutan ikkje omsyn til effekten av premieavviket for pensjon ved berekning av tilskotssatsen, noko som åleine aukar forventa tilskotssats med nær 3 mill.

Etter budsjettjusteringa er tilskotet for 2014 budsjettet med kr 4,8 mill meir enn det som det vedtekne budsjettet for 2014 la opp til.

c. Ekstraordinært tilskot til dei private barnehagane

Som følgje av signal frå politisk hald etter dialogmøtet 16. mai med dei private barnehagane legg rådmann opp til å auke driftsramma for 2014 med kr 3,1 mill for å kunne ha dekning til å utbetale eit eventuelt ekstraordinært tilskot til dei private barnehagane. Summen svarar til det kommunen vil krevje tilbakebetalt frå dei private barnehagane som følgje av innsparingar i rekneskapen til kommunen i 2013. Det er ikkje aktuelt å gjere dette som endring av rekneskapen for 2013, men tilskotet vert å bokføre i 2014.

Som del av grunnlaget for utbetaling av eit slikt ekstraordinært tilskot ser rådmann for seg at det vert inngått avtaler med barnehagane som sett vilkår, planar og prinsipp for korleis kommunikasjonen mellom kommunen og dei private barnehagane skal vere framover. Det er og viktig for kommunen at ikkje dette tilskotet har effekt på den forskriftsmessige

utrekninga av tilskotssatsar, men vert å rekne utanom dette. Kommunen vil før ein endeleg fastset korleis eit slikt tilskot formelt kan grunngjevast, sørgje for å sikre kva regelverket gjev anledning til å utbetale utan at det bind kommunen i forhold til berekning av framtidige tilskotssatsar.

d. Grasdalen skule

Grasdalen skule har oppretta ei ny lærarstilling i januar 2014 som gjer at ein ikkje klarer å halde budsjettamma for 2014. Rådmann gjer framlegg om å auke utgiftramma med kr 0,5 mill for å dekke inn denne stillinga.

Andre tenesteområde

Andre tenesteområde har så langt ikkje meldt om vesentlege forventa budsjettavvik som ikkje kan dekkast inn innanfor eksisterande rammer.

Vurdering

Budsjettendringa har ikkje effekt på område i budsjettet som vil vedrøre folkehelse eller miljø.

Konklusjon

Rådmann gjer såleis framlegg om å gjere følgjande endringar i budsjettet for 2014:

1. Skatteinntektene for 2014 vert redusert med kr 3,8 mill til kr 181,6 mill.
2. Eigedomsskatteinntektene vert auka med kr 0,5 mill til kr 23,265 mill
3. Budsjettert kostnad til inndekning av tidlegare års meirforbruk vert redusert med kr 13,8 mill til kr 0.
4. Utgiftsramma for alle tenesteområda som rådmannen disponerer vert redusert med kr 1,9 mill til kr 381,1 mill. Fordelinga ramma vert som spesifisert i utgreiinga i pkt 2 a-d over.

Framlegg til vedtak:

1. Skatteinntektene for 2014 vert redusert med kr 3,8 mill til kr 181,6 mill.
2. Eigedomsskatteinntektene vert auka med kr 0,5 mill til kr 23,265 mill
3. Budsjettert kostnad til inndekning av tidlegare års meirforbruk vert redusert med kr 13,8 mill til kr 0.
4. Utgiftsramma for alle tenesteområda rådmannen disponerer vert redusert med kr 1,9 mill til kr 381,1 mill.

Formannskapet 44/2014

FS - behandling:

Framlegg til vedtak i møtet:

* Ny tekst pkt 4:

Utgiftsramma for alle tenesteområda rådmannen disponerer blir redusert med kr 1,8 mill. til kr 381,2 mill.

* Nytt pkt 5:

Innanfor ramma vert det ekstraordinært tilskot på kr 76 760,- til Meland Motorsportsklubb.

* Nytt pkt 6:

Kr 12,3 mill vert budsjettert som avsetting til disposisjonsfond.

Framlegg frå Marit Jøssang, KrF:

* Ny tekst punkt 4:

Utgiftsramma for alle tenesteområda rådmannen disponerer vert redusert med kr 1,4 mill. til kr 379,7 mill.

* Nytt punkt 5:

Innafor ramma vert det gitt ekstraordinært tilskot på kr 76 760,- til Meland Motorsportsklubb. I tillegg vert Læring og utvikling styrka med kr 0,4 mill. til auka styrkingsmidlar.

*Nytt pkt 6:

Kr 11,9 mill. vert budsjettert som avsetting til disposisjonsfond.

Det vart halde prøverøysting over framlegget frå Marit Jøssang, der dette fall med 1 røyst for (KrF), 5 røyster mot, (H, V, Ap, SP, SAM).

Endeleg avrøysting:

Adminstrasjonen sitt framlegg til vedtak pkt. 1, 2 og 3 vart samrøystes vedteke.

Framlegg til vedtak i møtet pkt 4,5 og 6 vart samrøystes vedteke.

FS – samrøystes framlegg til vedtak:

1. Skatteinntektene for 2014 vert redusert med kr 3,8 mill til kr 181,6 mill.
2. Eigedomsskatteinntektene vert auka med kr 0,5 mill til kr 23,265 mill
3. Budsjettert kostnad til inndekning av tidlegare års meirforbruk vert redusert med kr 13,8 mill til kr 0.
4. Utgiftsramma for alle tenesteområda rådmannen disponerer vert redusert med kr 1,4 mill. til kr 379,7 mill.
5. Innafor ramma vert det gitt ekstraordinært tilskot på kr 76 760,- til Meland Motorsportsklubb. I tillegg vert Læring og utvikling styrka med kr 0,4 mill. til auka styrkingsmidlar.
6. Kr 11,9 mill. vert budsjettert som avsetting til disposisjonsfond.

Sakspapir

| Saksbehandlar | Arkiv | ArkivsakID |
|----------------|--------------------|------------|
| Per Inge Olsen | FE - 145, FE - 150 | 14/2448 |

Økonomiplan 2015 - 2018

Vedlegg:

Følgjeskriv - Kommuneopplegget

Skriv frå Fylkesmannen - Revidert nasjonalbudsjett 2014 og kommuneopplegget for 2015

Økonomiplan 2015 - 2018 Meland

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Meland kommune har tidlegare lagt fram økonomiplan saman med budsjettet for neste år til handsaming på siste møte i desember i året. Som tidlegare signalisert har vi vald å endre på dette ved å legge fram økonomiplan til handsaming no i juni i god tid før det detaljerte budsjettarbeidet på hausten skal starte opp. Økonomiplanen gjev då retning og rammer for budsjettarbeidet, og det vert anledning til ein politisk diskusjon og vedtak om kva prioriteringar som ein ynskjer skal leggjast til grunn når ein utarbeider budsjettet.

I økonomiplanen kan ein og trekke opp eit langsiktig perspektiv og vurdere dei langsiktige utviklingstrekk som må leggjast til grunn for dei økonomiske prioriteringane som kommunen må gjere. For Meland som vekstkommune er dette spesielt viktig. I det vedlagte framlegg til økonomiplan for perioden 2015 – 2018 ser vi at kommunen har særlege utfordringar når det gjeld å møte behov som følgje av elevtalsauken i skulen og kostnadsake som følgje av behov for fleire barnehageplassar.

Økonomiplanen er basert på dei signala som kom i kommuneproposisjonen 14. mai når i år, der det vert lagt føringar på korleis regjeringa legg opp til at kommuneøkonomien skal vere dei neste åra. Vi har deretter fokusert på å dokumentere forventta folketalsutvikling. Denne legg grunnlag for å berekne framtidig inntektsgrunnlag for kommunen, men og på kva område kommunen må prioritere tiltak og dermed de tilgjengelege utgiftrammene som ein må prioritere ressursbruken innanfor.

Forøvrig viser rådmann til det vedlagte økonomiplandokumentet for ytterlegare kommentarar til den økonomiske utviklinga og dei vurderingar og prioriteringar som er gjort.

I økonomiplanen sitt 4.2 er dei innteks- og utgiftsrammer spesifisert som ein har til rådvelde i økonomiplanperioden, og som danner grunnlaget for dei prioriteringar som rådmannen må gjere i det vidare arbeidet med budsjettet for 2015 og planarbeid som skal danne grunnlag for den vidare utviklinga i kommunen.

Rådmannen vil saman med budsjettet for 2015 leggje fram eit oppdatert økonomiplandokument der ein tek inn endringar som kjem statsbudsjettet når endelege inntekter for 2015 kan bereknast og kommuneøkonomiopplegget for 2015 er endeleg fastsett. Ein vil og utgreie nærare dei utfordringar som kjem fram i økonomiplandokumentet, og oppdatere med evt. nye opplysningar for perioden 2016-2018.

Vurdering

Økonomiplanen har konsekvensar for både folkehelse, miljø og økonomi. Disse forhold er utreda i det vedlagte økonomiplandokumentet.

Konklusjon

Basert på vurderingane som er gjort i økonomiplanarbeidet har ein i vedlagte økonomiplan konkludert med følgjande årlege rammer, summert opp i netto sum av inntekter og finanspostar og utgiftsrammer:

| <u>År (tall i mill kr)</u> | <u>2015</u> | <u>2016</u> | <u>2017</u> | <u>2018</u> |
|----------------------------|-------------|-------------|-------------|-------------|
| Ramme netto inntekter | 384,1 | 395,4 | 404,8 | 414,4 |
| Sum utgiftsramme: | 376,4 | 387,5 | 396,7 | 406,1 |

Tala er i faste prisar, og det er ikkje lagt inn auke for løns- og prisvekst.

Framlegg til vedtak:

Vedlagte økonomiplandokument vert vedteke med følgjande økonomiske rammer for perioden 2015 - 2018:

| <u>År (tall i mill kr)</u> | <u>2015</u> | <u>2016</u> | <u>2017</u> | <u>2018</u> |
|----------------------------|-------------|-------------|-------------|-------------|
| Ramme netto inntekter | 384,1 | 395,4 | 404,8 | 414,4 |
| Sum utgiftsramme: | 376,4 | 387,5 | 396,7 | 406,1 |

Planen vert lagt ut til offentleg ettersyn i samsvar med reglane i Kommuneloven § 44.

Formannskapet 45/2014

FS - behandling:

FS – samrøystes framlegg til vedtak:

Vedlagte økonomiplandokument vert vedteke med følgjande økonomiske rammer for perioden 2015 - 2018:

| <u>År (tall i mill kr)</u> | <u>2015</u> | <u>2016</u> | <u>2017</u> | <u>2018</u> |
|----------------------------|-------------|-------------|-------------|-------------|
| Ramme netto inntekter | 384,1 | 395,4 | 404,8 | 414,4 |
| Sum utgiftsramme: | 376,4 | 387,5 | 396,7 | 406,1 |

Planen vert lagt ut til offentleg ettersyn i samsvar med reglane i Kommuneloven § 44.

Sakspapir

| Saksbehandlar | Arkiv | ArkivsakID |
|---------------|----------|------------|
| Anny Bastesen | FE - 034 | 14/2467 |

Investeringsprosjekt - orientering om organisering, ansvar og prosjektstyring etter omorganisering

Saksopplysningar:

Bakgrunn

I kommunestyrevedtak sak KS-058/12, møte 20.06.2012, vart oppgåver for forvaltningsrevisjonen i den kommunestyreperioden vi er inne i no, prioritert. Generell gjennomgang av kommunen si handtering av investeringsprosjekt var eitt av fire tema.

Kontrollutvalet har særskilt gått gjennom VA-prosjektet Fløksand – Vikebø, jf kommunestyret sitt vedtak i sak KS-19/2014 i møte 09.04.2014. Kommunestyret ba rådmannen følgje opp tilrådingane frå kontrollutvalet, slik dei går fram av utvalget sin rapport datert 24.01.2014:

- *Innarbeide nærare retningslinjer for- og krav til realisme i prosjektering og kostnadsanalysar for investeringsprosjekt*
- *Sikre at ein har rutinar som fangar opp akkumulert verknad av kostnadsoverslag for endringar på komande prosjekt.*
- *Vurdere å avklare gjennom økonomireglement, eller liknande, kor tid eit avvik er av ein karakter som krev av rådmannen fremjar sak om tilleggsløyving.*
- *Innarbeide rutinar som sikrar at kommunestyret får informasjon dersom det skjer vesentlege endringar kring omfang eller andre forhold som har innverknad på prosjektet.*
- *Vurdere å gjennomgå og forbetre interne rutinar for offentlege anskaffingar, mellom anna ved å ta i bruk regjeringa sin mal for protokoll for offentlege anskaffingar eller tilsvarande. Korrekt bruk av malen vil sikre oppfylgning av lovpålagte krav til dokumentering.*

Revisjonen sine tilrådingar er samanfallande med pågåande utviklingsarbeid i administrasjonen, der rådmannen m.a. har prioritert å styrke prosjektkompetansen i kommunen. Oppbygging av kompetanse og kapasitet starta hausten 2011, med begynnande verknad frå hausten 2012. I det følgjande ver det først gjort greie for organisering og styring av prosjektarbeidet i kommunen, deretter korleis dette svarer på tilrådingane frå kontrollutvalet / kommunestyret.

Ansvar og organisering

Ansvar for oppfølging av kommunen sine utbyggingsoppgåver er skriftleg gjort greie for og plassert ved Tenesteområdet Plan, utbygging og kommunalteknikk (PUK) frå 01.09.2012.

Det er frå same tid oppretta ei eiga faggruppe ved PUK, kalla Utbygging og forvaltning. Der er det daglege prosjektansvaret plassert, i lag med ansvaret for forvaltning av kommunale bygg og eigedomar. Fire stillingar er samla i faggruppa:

- Prosjektrådgjevar (tidl. stillingsheimel for prosjektansvarleg ved rådmannskontoret)
- Prosjektrådgjevar kommunaltekniske anlegg (ansvaret flytta frå drift og vedlikehald)
- Prosjektrådgjevar kommunale bygg (vakant, ny)
- Bygg- og eigedomsforvaltar (ansvaret flytta frå drift og vedlikehald)

Det er laga skriftleg funksjonsomtale for kvar stilling. Der er det lista opp ansvarsområde, oppgåver, styringsdokument og administrativ rapportering for kvar funksjon.

På denne måten har kommunen fått samordna kompetansen innan regelverket for offentlege anskaffingar, kontraktsrett og prosjektstyring med kompetanse kommunalteknisk, byggtknisk og juridisk kompetanse når alle stillingane er fyllt opp. Administrasjonen arbeider vidare for å få på plass byggfagleg kompetanse.

Faggruppa har møte kvar andre veke saman med sektorsjefen og leiar for drifts- og vedlikehaldsavdelinga. Møtet handlar om statusoppdateringar på framdrift og løysingar på konkrete problemstillingar, og evt samordning med drifts- og vedlikehaldsavdelinga. Kvar prosjekt får ein ansvarleg, og det blir peika ut kven som elles skal delta ved gjennomføring. Det blir ført møtereferat.

Målet med organiseringa har vore: *Koordinere planlegging, prosjektering og gjennomføring av investeringsprosjekta med standardar for effektiv drift og små vedlikehaldskostnader. Plassere prosjektansvaret i eit større fagmiljø og dra nytte av kompetansen ved avdelinga i høve til alle faser av eit prosjekt, medrekna offentlege anskaffingar og plan- og byggesaksbehandlinga. Oppretting av eiga faggruppe skal sikre eit robust apparat med overlapping ved fråvêr og der ein kan dra vekslar på utfyllande kompetanse.*

Kompetanse

Frå hausten 2011 er det gjennomført systematisk oppbygging av kompetanse hjå prosjektmedarbeidarane i kommunen innan aktuelle tema:

- Avtalerett
- Offentlege anskaffingar
- Kontraktsrett og kontraktsstandardar ved ulike entrepriser
- Norsk standard for overtaking av bygg og anlegg
- Byggherrerolla ved styring av bygg- og anleggsprosjekt
- Byggherreforskrifta
- Norsk standard for Rådgjevingskontraktar (konsulentkjøp)
- Prosjektleiing, prosjektøkonomi
- Rammeavtalar

Framover er det nødvendig å prioritere oppdatering og vedlikehald av kunnskapen, i tråd med endringar i regelverket og samfunnet elles. Det er avgjerande for kvalitet og økonomisk resultat at kommunen kjenner regelverket og har full kontroll på kva krav som kan stillast til leverandørar, entreprenørar og konsulentar. Like viktig er det at kommunen har kontroll på framdrifta og har kapasitet til å følgje opp kvart enkelt anlegg i gjennomføringsfasen. God oppfølging ved igangsetting og gjennomføring av eit prosjekt har stor verknad for sluttresultatet.

Målet med å satse på kompetanseheving har vore: *Gjere kommunen mindre avhenging av konsulentar og gje kommunen ei sterkare og meir tydeleg rolle i høve til entreprenørar og leverandørar.*

Økonomistyring

1. Kalkyle

Investeringsoppgåvene blir prioritert gjennom den årlege behandlinga av økonomiplanen. Når rådmannen gjer framlegg om nye investeringsprosjekt, skal prosjektmedarbeidarane først kostnadsrekna tiltaket. Det blir gjort ut frå ei nærare definisjon av omfanget (t.d. frå ein skule; tal nye elevar, klasserom og andre rom), evt. plankrav, oppdaterte kostnadsindeksar og nye erfaringstal pr m² eller pr løpemetar frå tilsvarande bygg eller anlegg (t.d. i høve til kompleksitet). I kostnadsoverslaget legg ein inn ein margin for m.a. utføresette utgifter, for å få eit mest mogeleg realistisk bilete.

Tiltak som allereie er teke inn i økonomiplanen, blir kvalitetssikra for evt. oppdatering av kostnadsbiletet.

2. Gjennomføring

Når kommunestyret har godkjent ei investeringsoppgåve gjennom vedtak av årsbudsjett, får prosjektmedarbeidarane ansvaret for vidare planlegging, kostnadsrekning, prosjektering og oppfølging. Kvar utbyggingsoppgåve blir definert med prosjektplan, og med den kostnadsramma som går fram av kommunestyret sitt vedtak om årsbudsjett. Prosjektmedarbeidarane følgjer regleverket som gjeld for offentlege anskaffingar, kontraktsrett og entrepriserett. Det er som nemt særskilt viktig at kommunen har sikra seg solid kunnskap i denne fasen; om regelverket, om føresetnadene for god prosjektleiing og om faglege / tekniske problemstillingar og løysingar.

3. Rapportering

Rapport for investeringsprosjekta vert levert til økonomisjefen i tråd med dei rapporteringsrutinane som gjeld til ei kvar tid. Alle endringar eller avvik skal fangast opp i rapporten. Ved avvik frå vedtatt budsjett skal det fremjast eiga sak om budsjettendring.

Målet med utvikling av nye rapporteringsrutinar har vore: *Oversikt over investeringsoppgåvene skal vere ein integrert del av kommunen sitt plan- og rapporteringssystem, og handterast i samsvar med rådmannen sine delegerte fullmakter.*

Vurdering

Rådmannen vurderer at administrasjonen er kome i mål med organisasjonsendring, ny ansvarsstruktur og oppbygging av kompetanse. Kommunen hadde tidlegare ein særskilt liten stillingsressurs til å handtere investeringsoppgåvene, noko som gjorde kommunen relativt avhengig av at konsulentar og entreprenørar sjølv såg kva for løysingar som ville vere gunstig for kommunen, kvalitetsmessig og økonomisk. Her er det grobotn for at kryssande interesser tek overhand, og ingen garanti for eit godt resultat. Kommunen har pr. dato lukkast med å få tak i generell prosjektkompetanse og kommunalteknisk prosjektkompetanse, men manglar framleis bygningsfagleg kapasitet. Administrasjonen arbeider for å fylle også dette gapet.

Utbyggingsoppgåvene som står for tur framover vil bli kostnadsrekna, planlagt og prosjektert etter modellen som er presentert her. Rådmannen er trygg på at kommunen med dette har fått god kontroll på investeringsoppgåvene, i samsvar med tilrådingane frå kontrollutvalet m.o.t.

- Realisme i prosjektering og kostnadsanalyser
- Rutinar for endringar i kostnadsoverslaga
- Rutinar for god økonomirapportering
- Oppfølging av regelverket for offentlege anskaffingar og kontraktsrett / entrepriserett

Nå sjølve strukturen no er på plass, vil administrasjonen vidare prioritere arbeidet med å rekruttere kvalifisert personell, finjustere rapporteringsrutinane og utarbeide ein samla årsplan over pågåande prosjekt og nye prosjekt komande år. Denne kan inngå i kommunen sitt plansystem.

Folkehelse: ikkje aktuelt tema

Miljø: ikkje aktuelt tema

Økonomi: Positivt for kommunen sin økonomiske kontroll og samla ressursbruk.

Konklusjon

Rådmannen er godt nøgd med at den målretta satsinga dei siste 2-3 åra på å styrke kapasitet, kompetanse og økonomisk kontroll har lukkast så langt. Kommunen manglar framleis byggfagleg prosjektkompetanse, her arbeider administrasjonen vidare med rekruttering.

Noverande prosjektorganisasjon har ei tid hatt ansvaret for å fullføre utbyggingsoppgåver som er kalkulert og planlagt etter gammal prosjektorganisasjon, og vore bunden av «eldre» kalkyler, vedtak og kontraktar. Framover vil alle investeringsoppgåvene bli kalkulert, planlagt, prosjektert og styrt av den nye prosjektorganisasjonen.

Framlegg til vedtak:

Kommunestyret tek saka til orientering.

Formannskapet 48/2014

FS - behandling:

FS-Samrøystes framlegg til vedtak:

Kommunestyret tek saka til orientering.

Sakspapir

| Saksbehandlar | Arkiv | ArkivsakID |
|-------------------|----------|------------|
| Kari Anne Iversen | FE - 465 | 14/2202 |

Søknad om vidare permisjon frå politiske verv

Saksopplysningar:

Kommunen har per 08.05.14 motteke skriv frå Solbjørg Åmdal Sandvik der ho søker om fritak frå alle politiske verv ut 2014. Søknaden er grunngeven med helsemessige tilhøve og dokumentert med helseattest.

Vurdering

I samsvar med kommunelova § 15 nr 2 kan kommunestyret etter søknad gi fritak frå politiske verv dersom ein folkevald «*ikke uten uforholdsmessig vanskelighet eller belastning kan skjømte sine plikter i vervet.*» Fritak kan gjevast både ut kommunestyreperioden og for eit kortare tidsrom. I kommentarutgåva til lova er det lagt til grunn at helsemessige tilhøve kan vere eitt ei dei vilkåra som denne lovparagrafen er meint å gjelde for.

Med bakgrunn i ovannemnde vil administrasjonen rå til at kommunestyret innvilgar søknaden frå Solbjørg Åmdal Sandvik og gir fritak frå alle politiske verv ut 2014. Representasjon i dei aktuelle folkevalde organa følger då gjeldande vararepresentantliste.

Framlegg til vedtak:

Kommunestyret gir Solbjørg Åmdal Sandvik permisjon frå alle politiske verv ut 2014.

Sakspapir

| Saksbehandlar | Arkiv | ArkivsakID |
|---------------|------------------------------|------------|
| Helge Kvam | FE - 130, FA - G00, TI - &30 | 14/1792 |

Plan for interkommunalt samarbeid innan helse- og omsorgstenesta i Region Nordhordland 2014-2017

Vedlegg:

Plan for interkommunalt samarbeid innan helse- og omsorgstenesta i Nordhordland
Saksframlegg_Plan for IK samarbeid HO tenesta

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Med bakgrunn i vedtak i kommunestyra november 2011 er det utarbeidd *Plan for interkommunalt samarbeid innan helse- og omsorgstenesta i Region Nordhordland*. Planen skal bidra til ei felles forståing for framtidige utfordringar og leggja til rette for interkommunalt samarbeid om oppgåveløysinga der dette er tenleg. Gjennom planen vil me styrka det gode fundamentet kommunane i Nordhordland har etablert når det gjeld samarbeid på tvers av kommunegrenser.

Nytt lovverk og sentrale føringar har danna grunnlag for å peika ut fire innsatsområde som det må rettast særleg fokus på dei kommande åra. Planen gir ei kort framstilling av innsatsområda som er definert, med mulige samarbeidstiltak som er tilrådd for interkommunalt samarbeid. Tiltak er konkretisert i eigen handlingsplan.

Forankring

Gjennom kommunestyret si tilslutting til planen forpliktar den enkelte kommune seg til å ta del i felles dialog og prosess om dei tema som planen omhandlar. Når det kjem til konkrete tiltak må likevel desse forankrast i den enkelte kommune. Dette inneber at kvar kommune kan reservera seg mot å gå inn i konkret samarbeid på eit seinare tidspunkt sjølv om ein har slutta seg til planen.

Viktige vedtakspunkt i arbeidet:

Våren 2011 vedtok Regionrådet å starta arbeidet med ein overordna plan for interkommunalt samarbeid om helse- og omsorgstenester i Nordhordland. Helseutvalet fekk i oppdrag å leia arbeidet. Kommunestyra i alle samarbeidskommunane handsama sak og slutta seg til planarbeidet november 2011.

Februar 2012 fekk Helseutvalet førelagt utkast til plan. Framlegg til plan vart forkasta, og Helseutvalet vedtok at planen skulle arbeidast vidare med på rådgjevar/kommunalsjef nivå for ny gjennomgang og vurdering. Arbeidsgruppe samansett av kommunalsjefar og rådgjevarar innan helse- og omsorg fekk i oppdrag å konkretisera og komprimera innhaldet i planen. Revidert utkast av

Plan for interkommunalt samarbeid innan helse- og omsorgstenesta i Nordhordland er drøfta i Rådmannsutvalet og godkjent av Helseutvalet. Planen har vore i kommunane på administrativ og fagleg høyring, og innspel er implementert i planen.

Mars 2014 - Regionrådet har sluttar seg til innhald og føringar i framlegg til «Plan for interkommunalt samarbeid innan helse- og omsorgstenesta i Region Nordhordland», og at planen vert lagt fram for politisk handsaming i kommunane.

Vurderingsgrunnlag

Det er utarbeidd eit vurderingsgrunnlag som del av planprosessen. Dette er eit vedlegg til planen som gir meir utfyllande opplysningar og vurderingar innan dei ulike innsatsområda. Innanfor området Folkehelse er det gjort eit særskild vurderingsarbeid. Rapport frå dette arbeidet er også å sjå som vedlegg til planen.

Vurderingsgrunnlaget er å finna på www.saman.no/nordhordland

Handlingsplan

Det skal utarbeidast ein handlingsplan som er basert på og delt inn etter dei fire innsatsområda som er omtala i planen. Handlingsplanen skal godkjennast av rådmannsutvalet, og rullering og evaluering skjer årlig i regi av Nordhordland Utviklingsselskap IKS.

Dersom handlingsplanen inneheld tiltak av prinsipiell og/eller økonomisk betydning skal det fortløpande vurderast om det er behov for politisk behandling i kommunane før i verksetjing.

Vurdering

Det er viktig å merka seg prinsipp for interkommunalt samarbeid jamfør punkt 1 s. 3. Dette gjev at gjeldande plan, samt komande handlingsdel, må tilpassast til Meland kommune sine eigne mål og strategiar jamfør kommuneplan og aktuelle temaplanar. Dei primære føringane og ressursbruk innan interkommunalt samarbeid skal slik ta utgangspunkt i kommunen sine eigne tenestebehov.

Folkehelse – ingen merknad då folkehelse eir eit av fleire satsingsområde i gjeldande plan.

Miljø – ingen merknad

Økonomi – ingen merknad då økonomi særskilt vert vurdert med grunnlag i handlingsdel kombinert med kommunale planar og ressursprioritering.

Konklusjon

Rådmann rår til at kommunestyret sluttar seg til *Plan for interkommunalt samarbeid innan helse- og omsorgstenesta i Region Nordhordland 2014-2017*.

Framlegg til vedtak:

Meland kommunestyret godkjenner følgjande for planperiode 2014 - 2017:

1. Meland kommune sluttar seg til innhald og føringar i «Plan for interkommunalt samarbeid innan

helse- og omsorgstenesta i Region Nordhordland», og forpliktar seg til å ta del i felles dialog og prosess om dei tema som planen omhandlar.

2. Meland kommune sluttar seg til at Nordhordland Utviklingsselskap IKS får i oppdrag å koordinera og organisera oppfølging av innsatsområda i planen.
3. Meland kommune sluttar seg til at det vert utarbeidd handlingsplan for konkretisering av innsatsområda, og at rådmannsutvalet får mandat til å godkjenne tiltak i handlingsplan.
4. Meland kommune legg til grunn at konkrete tiltak som forpliktar må forankrast i kommunen og kommunen kan reservera seg mot å gå inn i konkret samarbeid sjølv om ein sluttar seg til planen.

Utval for levekår - 28/2014

ULK - behandling:

ULK – framlegg til vedtak:

Meland kommunestyret godkjenner følgjande for planperiode 2014 - 2017:

1. Meland kommune sluttar seg til innhald og føringar i «Plan for interkommunalt samarbeid innan helse- og omsorgstenesta i Region Nordhordland», og forpliktar seg til å ta del i felles dialog og prosess om dei tema som planen omhandlar.
2. Meland kommune sluttar seg til at Nordhordland Utviklingsselskap IKS får i oppdrag å koordinera og organisera oppfølging av innsatsområda i planen.
3. Meland kommune sluttar seg til at det vert utarbeidd handlingsplan for konkretisering av innsatsområda, og at rådmannsutvalet får mandat til å godkjenne tiltak i handlingsplan.
4. Meland kommune legg til grunn at konkrete tiltak som forpliktar må forankrast i kommunen og kommunen kan reservera seg mot å gå inn i konkret samarbeid sjølv om ein sluttar seg til planen.

Sakspapir

| Saksbehandlar | Arkiv | ArkivsakID |
|-------------------|----------|------------|
| Kari Anne Iversen | FE - 512 | 14/2603 |

Tariffrevisjonen per 01.05.14 - uravrøysting

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Meland kommune har motteke A-rundskriv nr 1-14 til handsaming. Rundskrivet inneheld riksmeklar sitt framlegg til løysing i tariffoppgjeret per 01.05.14. I samsvar med KS sine vedtekter vert framlegget sendt kommunane til uravrøysting. Frist for tilbakemelding til KS er måndag 23.06.14. Hovudstyret i KS tilrår medlemmane å røyste JA i uravrøystinga. Dersom uravrøystinga i KS gir eit positivt vedtak, dvs. dersom 1/3 av avgjevne røyster svarer JA, og desse representerer minst halvparten av medlemmene, vert framlegget sett på som gjeldande tariffavtale. Dette har likevel som føresetnad at den enkelte arbeidstakarorganisasjon også aksepterer framlegget. Dersom det ikkje er eit nødvendig tal medlemmer i KS-området som svarer JA, vil framlegget i sin heilskap vere forkasta og det kan då bli arbeidskamp i heile KS sitt tariffområde.

Sentrale element i riksmeklar sitt framlegg

Det er 3 hovudelement i den økonomiske delen:

1. Eit generelt tillegg på 2,15%, min. kr 8 500.
2. Midlar til lokal forhandlingar, 1,0% per dato
3. Andre sentrale tillegg

Inn i totalramma vert også rekna overheng til 2014 og stipulert lønsgliding, slik at totalramma kjem ut på 3,34%.

Det er også avtalt eit generelt tillegg + nokre sentrale tillegg frå 01.05.15.

Arbeidstida for undervisningspersonalet

Særavtale SFS 2213, som omhandlar arbeidstid, arbeidsår og livsfasetillegg til undervisningspersonalet, er endra på fleire punkt. Lengda på arbeidsåret skal forhandlast lokalt med utgangspunkt i skuleåret til elevane + 6 dagar. I tillegg kan det setjast av inntil 4 dagar til for- og etterarbeid, planlegging, evaluering og fagleg ajourføring. Dersom partane lokalt ikkje kjem til semje om dette, kan kvar av partane bringe tvisten inn for dei sentrale partane.

Lærarane har i utgangspunktet ei arbeidstid på 7,5 timar per dag på skulen, dersom dei fysiske arbeidstilhøva er tilfredsstillande. Det er ein føresetnad at rektor, verneombod og tillitsvalde vert samde om kva som er tilfredsstillande fysiske arbeidstilhøve. Dersom det ikkje vert oppnådd semje

om dette på den enkelte skule, kan saka bringast inn for arbeidsmiljøutvalet i kommunen.

Tid til undervisning i årsramma er ikkje endra. Innafor arbeidstida på skulen får lærarane sett av tid til for- og etterarbeid og fagleg ajourføring. Saman med summen av undervisningstimane skal dette utgjere minst 1200 timar på årsbasis. Resten av årsverket disponerast av den enkelte lærar til for- og etterarbeid og fagleg ajourføring.

Det vert innført livsfasetillegg, slik at nyutdanna lærarar får redusert undervisningsplikt dei to første åra med inntil 6%. Lærarar over 58 år har rett til å få redusert undervisninga med inntil 5,8% og lærarar over 60 år med inntil 12,5%. For alle desse 3 desse gruppene vert den frigjorte tida disponert til for- og etterarbeid og fagleg ajourføring på skulen, dersom ein ikkje vert samde om noko anna.

Vurdering

Folkehelse

Ikkje relevant for saka.

Miljø

Ikkje relevant for saka.

Økonomi

Den økonomiske ramma for oppgjeret på 3,34% ligg innafor det kommunen har lagt opp til i budsjettet for 2014.

Konklusjon

Tariffoppgjer og fastsetjing av lønsnivå er eit utfordrande område for kommunal sektor. Behovet for eit konkurransedyktig lønsnivå må avstemmast med økonomiske rammer. Tariffoppgjeret per 01.05. 14 har dessutan vore komplisert for partane også på andre område enn dei økonomiske, og det har vore gjennomført tvungen meklingsmekling. Administrasjonen meiner at meklingsframlegget, slik dette ligg føre, er eit resultat som Meland kommune lever godt med. Profilen i dei sentralt bestemte tilleggane er retta inn mot utdanningsgruppene, og då særleg undervisningspersonalet, noko som vil vere viktig i eit rekrutteringsperspektiv. Det er også grunn til å peike på at den økonomiske ramma ikkje går ut over den tariff-potten som er sett av i budsjettet for 2014.

Framlegg til vedtak:

Kommunestyret i Meland røyster JA til det tilrådde meklingsframlegget.

Sakspapir

| Saksbehandlar | Arkiv | ArkivsakID |
|-------------------|----------|------------|
| Eirik Bouwer Utne | FA - C10 | 14/2477 |

Revidering av vedtekter for Meland ungdomsråd 2014

Vedlegg:

Retningslinjer for Ungdomsrådet i Meland kommune - revidering juni 2014

Endring av retningslinjer for ungdomsråd 2004

Framlegg til endringar i retningslinjer for ungdomsrådet i Meland 2012

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Retningslinjene for Ungdomsrådet i Meland blei vedtatt av kommunestyret 04.09.2002, sak nr. 077/02, med revidering vedtatt av kommunestyret 31.03.2004, sak nr. 032/04.

Tenesteområde kultur har fått ansvaret for ungdomsrådet framover, og ønskjer ei revidering av retningslinjene. Ungdomsrådet er for tida ikkje verksamt, og det er naudsynt med ein innsats for å få eit fungerande ungdomsråd i kommunen.

Vurdering

Meland kommune er ein av få kommunar i Hordaland utan fungerande ungdomsråd. I ein vekstkommune med nær 30 % av innbyggjarane under 18 år, er eit slikt råd svært viktig for gode oppvekstvilkår og god folkehelse for dei yngste i samfunnet. Tenesteområde kultur har konsultert med Meland sin kompetanserepresentant for ungdomsråd i Ungdommens fylkesting og ungdommar frå elevråda på ungdomsskulane i kommunen. Ungdommane viser eit ønskje om å ha eit godt ungdomsråd.

Retningslinjene slik dei er i dag blei vedtatt i 2002, og revidert i 2004. 2004-revideringa blei varsla i dei opphavlege retningslinjene, men det blei ikkje tatt inn nye punkt om framtidig revidering. Den 31.10.2012 vedtok ungdomsrådet å få fleire representantar frå ungdomsskulane og å betre rekrutteringa frå vidaregåande skule. No står retningslinjene fram som modne for ny revidering. Hovudpunkt i reviderte retningslinjer 2014 er å auka snittalderen i rådet, få med fleire frå vidaregåande skule og gjere valordningar og retningslinjer lettare å bruke for ungdomsrådet og elevråda i kommunen. Rådsarbeidet skal bli engasjerande, meningsfullt og lettforståeleg, med god medverknad og opplæring for ungdom i saker som gjeld dei. Rådet skal etter kvart komme på eit nivå der representantane engasjerer seg og fører vidare den kunnskapen dei har fått til nye representantar, slik at rådet driv seg sjølv vidare. Val på nytt ungdomsråd er planlagt til september 2014.

Konklusjon

Med reviderte og oppdaterte retningslinjer står ungdomsrådet betre rusta for framtida, og kan bli svært viktig for korleis ein kan vere med å skape gode oppvekstvilkår i Meland.

Framlegg til vedtak:

Retningsliner for Ungdomsrådet i Meland – revidering juni 2014 blir godkjent slik dei ligg ved denne saka.

Utval for levekår - 25/2014**ULK - behandling:****Framlegg til vedtak i møtet frå Kåre Skibenes (Krf):**

Utval for levekår godkjenner Retningsliner for Ungdomsrådet i Meland - revidert 2014.
Punkt 5.2, 2.avsnitt vert endra til:

Bedrifter, lag og organisasjonar kan nominere ungdom som går på vidaregåande skule til å sitje i ungdomsrådet. Ordførar eller rådmann legg fram dei nominerte til val i Utval for levekår.

ULK – samrøystes framlegg til vedtak:

Kommunestyret godkjenner Retningsliner for Ungdomsrådet i Meland - revidert 2014.
Punkt 5.2, 2.avsnitt vert endra til:

Bedrifter, lag og organisasjonar kan nominere ungdom som går på vidaregåande skule til å sitje i ungdomsrådet. Ordførar eller rådmann legg fram dei nominerte til val i Utval for levekår.

Sakspapir

| Saksbehandlar | Arkiv | ArkivsakID |
|-------------------|--------------------|------------|
| Bente Bing Kleiva | FA - A30, TI - &13 | 14/1583 |

Høyring om ny rammeplan for kulturskolen

Vedlegg:

Rammeplan for kulturskolen - Høring

Saksopplysningar:

Bakgrunn: Rammeplanen for kulturskolen *På vei til mangfold* er frå 2003 og er utarbeidd aaav Norsk Kulturskuleråd. Denne er ei anbefaling til alle kulturskular, men har ikkje vor bindande. Denne nye planen som no er til høyring kallast *Mangfold og fordypning* og har høyringsfrist 20.juni 2014.05.23

Vurdering

Vi ønskjer rammeplanen med sitt fokus på kvalitet i kulturskolen velkomen. Kvalitetssikring av undervisning og organisering er viktig for kulturskolen og innbyggerane som nyttar seg av kulturskuletilboda.

I planen er det no sett høgare krav til formell kompetanse enn tidlegare:

Høyere kunstfaglig utdanning på minimum 240 studiepoeng inkludert godkjent pedagogisk utdanning tilsvarende krav som til grunnskolen

Faglærerutdanning for undervisning i kunstfag og godkjent pedagogisk utdanning tilsvarende krav som til grunnskolen

Vi er redd krava til lærarane sin formelle kompetanse i rammeplanen ikkje er realistisk for kulturskular utanfor dei største byane og vil gjere at me må legge ned fleire tilbod.

Andre punkt i rammeplanen som må kommenterast er:

Innføring av de tre programmene er det viktige grepet for å betre kvaliteten på kulturskole tilbudet lokalt:

Dette er langt på veg den organisering Meland kulturskule har av tilboda sine, sjølv om vi ikkje nyttar desse omgrepa. Vi har eit tilbod om tverrfagleg grunnkurs i grupper for 1. og 2. klassingar og vi har tradisjonell kulturskulekjerneverksemd med tilbod innan visuell kunst, dans, teater og musikkinstrument/song. Vi har og tilbod om særskild fordypning gjennom regionale avtalar for særskilt interesserte og motiverte elevar, men dette er tilbod som ikkje har vore nytta.

Vi er kritisk til at rammeplanen legg opp til at «grunnprogrammet» skal femne om elevar i alderen 0 – 19 år, då me meiner dette er tilbod eigna for yngre elevar, og at det i denne kulturskuleundervisninga

er ikkje nemnd foreldremøte/utviklingssamtale. Vi er og kritisk til formuleringa *Åpen tilgang for alle elever som ønsker det* då Meland kulturskule ikkje har økonomiske rammer til å gje eit tilbod til alle, og dei som får eit tilbod må betale ein eigendel.

Innføring av de tre programmene lar seg løse innenfor eksisterende økonomiske ressurser

Alle endringar krev tid og tid er i ein kommunal kulturskule det same som økonomiske ressursar. Slik ståa er i Meland kommune og fleire andre kommunar vil dette krevje ekstra ressursar.

Kulturskolens formål:

Alle elever i kulturskolen skal få undervisning som er tilpasset deres interesse og

forutsetninger.- i mindre kommunar er det ikkje mogeleg å gje tilbod på alle instrument eller andre kulturtilbod grunna økonomiske omsyn og tilgong på lærekrefter. Vi meiner difor det er uheldig å bruke omgrepet **skal**.

Kulturskolens plass i den lokale grunnmur:

Meland kommune har ikkje økonomiske rammer til å tilby eit kulturskuletilbod til alle som ønskjer det og dei som får eit tilbod må betale for dette – noko som gjer at kulturskuletilbodet ikkje er tilgjengeleg for alle. Me meiner det difor er uheldig å nytte denne formuleringa i rammeplanen:

*I Kulturutredningen 2014 (s. 257) skisseres fire ulike forventninger til kulturskolen. Den skal ivareta et dannelsesmål, **den skal være tilgjengelig for alle som ønsker det**, den skal bidra til at barn med særlig evner og interesser får utvikle sitt potensial, og den skal fungere som et ressurscenter i det lokale skole- og kulturlivet*

Folkehelse: Kulturskolen gjev den einskilde tilbod om personleg utvikling og bidreg slik til positiv livsutfalding.

Miljø: påverkar ikkje miljøet negativt

Økonomi: med ein slik rammeplan vil det vere naudsynt å oppgradere kulturskolen, dette vil få økonomiske konsekvensar

Konklusjon:

Rammeplanen slik den ligg føre er eit viktig og godt tiltak for vidare utvikling av kulturskuletilbodet til kommunane. Det er viktig å ta med i det vidare arbeidet at det er store skilnader på kommunane, både når det gjeld økonomi og tilgong på lærarkrefter. Dette bør planen ta høgde for.

Framlegg til vedtak:

Meland kommune meiner ny rammeplan for kulturskolen er ein framtidsretta og god plan, men vil

peike på at ulikskapen mellom kommunane på takast omsyn til i den vidare handsaminga av planen.

Utval for levekår - 29/2014

ULK - behandling:

Tilleggsframlegg i møte frå Kåre Skibenes (Krf):

Rammeplanen slik den ligg føre er eit viktig og godt tiltak for vidare utvikling av kulturskuletilbodet til kommunane. Det er viktig å ta med i det vidare arbeidet at det er store skilnader på kommunane, både når det gjeld økonomi og tilgang på lærarkrefter. Dette bør planen ta høgde for. Meland kommune vurderer at ny rammeplan for kulturskulen er ein framtidsretta og god plan, men vil peike på at ulikskapen mellom kommunane må takast omsyn til i den vidare handsaminga av planen.

ULK – Samrøystes framlegg til vedtak:

Rammeplanen slik den ligg føre er eit viktig og godt tiltak for vidare utvikling av kulturskuletilbodet til kommunane. Det er viktig å ta med i det vidare arbeidet at det er store skilnader på kommunane, både når det gjeld økonomi og tilgang på lærarkrefter. Dette bør planen ta høgde for. Meland kommune vurderer at ny rammeplan for kulturskulen er ein framtidsretta og god plan, men vil peike på at ulikskapen mellom kommunane må takast omsyn til i den vidare handsaminga av planen.

Sakspapir

| Saksbehandlar | Arkiv | ArkivsakID |
|----------------------|-----------------------------|------------|
| Hans Kristian Dolmen | HistSak - 12/1154, FA - L13 | 14/1158 |

Reguleringsplan Hoplandsdalen Jorddeponi - 5.g.handsaming - Framlegg til godkjenning

Vedlegg:

Plankart Regplan Hoplandsdalen 021013

Føresegner Regplan Hoplandsdalen 220514

Vedtak Sak 094-13 - 4gh Off Ettersyn 101213

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Framlegg til reguleringsplan for Hoplandsdalen Jorddeponi har vore fremja fleire gonger. Det har vore same planområde, men med noko ulikt innhald. Sak, innhald og moglege konsekvensar skal vere godt kjent etter tidlegare handsaming både i UDU og kommuestyret. Då saka sist vart lagt fram for handsaming i sak 094/13, den 10.12.2013 innehold planområdet mellom anna areal for ny busetnad. Med grunngjevinga at ramma for å leggje til rette for nye bustadområde må avklarast i arealplan for, før det vert utarbeidd detaljplan, vart område for nye bustadar teke ut av planen. Det visast til siste handsaming som er vedlagt.

Ei slik endring er av ein slik karakter og omfang at framlegget til plan vert endra i stor grad og plandokumenta må endrast og leggjast ut til nytt offentleg ettersyn og høyring. Plankart og føresegner er endra og framlegget til plan låg ute til offentleg ettersyn i perioden 12.03. – 25.04.2014. Meland kommune har motteke 5 merknadar til framlegget.

Vurdering

Framlegget til reguleringsplan er no endra i tråd med vedtak i kommuestyret sak 064/13, den 25.09.2013 og lagt ut til offentleg ettersyn og sendt på høyring etter vedtak i UDU sak 094/13, den 10.12.2013.

Framlegget til plan står no fram som eit meir reindyrka område for deponi der det er regulert inn naudsynt infrastruktur og krav til rekkjefølgje og kva omsyn som skal takast til omgjevnadane. Sjølv om føremålet bustad no er teken ut av reguleringsplanen vil spørsmålet kome opp på sikt då føremålet bustad er gjeve som innspel til revisjon av arealplanen. Det gjeld ikkje berre innan for dette planområdet, men for eit større område som kan utviklast over tid knytt til Holme-området.

Det er frå tidlegare ikkje lagt skjul på at ei godkjenning og gjennomføring av plan vil ha konsekvensar i form av støy og transport. Samstundes vil der vere positive verknader både på kort og lang sikt. All den tid det er utbyggingsinteresser i kommunen og regionen, vil transporten av jord og stein gå på

vegane uansett. Denne type deponi kan vere med å gi meir føreseieleg handtering av store volum og meir ryddige tilhøve for omgjevdane. Lokalisering av denne type anlegg har og vil føre med seg diskusjon då anlegga er både fornuftige og naudsynte, men samstundes har konsekvensar. Målsettinga vert å minialisere dei negative i størst mogleg grad, men samstundes gje ramme for ein effektiv drift. Dei tiltaka som ligg inne i plan som gjeld omsyn til omgjevnadane er i tråd med dei føringane som gjeld for opparbeiding og gjennomføring av denne type anlegg.

Dei innkomne merknadane bringer ikkje noko nytt inn i sakstilhøvet og der er ikkje merknader frå overordna fagmynde som er avgrensande for framlegget. Frå eigarar i område er det fremja om lag lik merknad som tidlegare, men er ei presisering av korleis dei opplever saka. I utgangspunktet ønskjer dei ikkje deponiet etablert, samstundes som det vert fremja krav til gjennomføring.

Innkomne merknadar

| Merknad frå | Innhald | Kommentar / vuredering |
|---|---|---|
| Fylkesmannen i Hordaland Statens hus Kaigaten 9 5020 Bergen | <ul style="list-style-type: none"> • Generelt om planen • Positivt at det vert lagt til grunn at tiltak av slik storleik skal vere forankra i arealplanen • Oppdatere planskildringa og mellom anna ta ut omtale om nytt bustadområde • Korrektur slik at referansar mellom skildring, kart og føresegnar er rett • Justere teiknforklaring | <ul style="list-style-type: none"> • Tas til etterretning, oppdatering av skildring vert gjort • Tas til etterretning, oppdatering av skildring vert gjort • Tas til etterretning |
| Olaug og Bjørn Tveit Rune Tveit | <ul style="list-style-type: none"> • Framhald av dei same merknadar som tidlegare i saka • Utgangspunktet i mot heile tiltaket • Meiner dei negative verknadane er større enn dei positive • Fryktar støyplage og meiner at støyreducerande tiltak ikkje vil ha verknad • Opningstid for anlegget må reguleres, krav om at tidspunkt må vere «vanleg arbeidstid» - kl 08 – 17 • Skeptisk til trafikkbelastninga, mykje transport • Uroa for barnehagen og henting/bringing • Tidsramma for drift er 15 år, er det rett? • Må deponiet ligge her? • Likevel positivt at det med tida vert landbruksareal | <ul style="list-style-type: none"> • Der er rammer i føresegna (§ 3.3) som skildrar naudsynte omsyn • Føresegna § 3.3.4 gjev ramme opning, drift, mottak og utkøyring • Vil verte auka trafikk, opprusting av FV med GS-veg skal ta høgde for dette • Drift av anlegget er eit anslag, men vert normalt gjeve konkret ramm i driftsplan |
| Statens vegvesen Region vest Askedalen 4 6863 Leikanger | <ul style="list-style-type: none"> • Generelt om endringa i plan der bustadar er teken ut • Detaljspørsmål om bustadplanlegging i kommunen | |
| Direktoratet for mineralforvaltning Leiv Eirikssons vei 39 P.b. 3021 Lade 7441 Trondheim | <ul style="list-style-type: none"> • Ingen merknadar og syner til tidlegare uttale til saka 25.05.10 og 16.08.12 • Minner om at planlagd steinbrott krev driftskonsesjon og driftsplan • Tiltakshavar er ansvarleg søkjar | <ul style="list-style-type: none"> • Føresegn om rekkjefølgje (§ 2.4) stiller naudsynte krav om konsesjon og plan |
| Hordaland fylkeskommune Regionalavdelinga Agnes Mowinckels gate 5 P.b. 7900 | <ul style="list-style-type: none"> • Generelt om planstatus og føringar for denne type tiltak • Syner til tidlegare uttale til saka 14.06.10 og 19.09.13 | |

| | | |
|-------------|--|---|
| 5020 Bergen | <ul style="list-style-type: none"> · Framlegg ikkje i tråd med arealplan, men utarbeidd KU er dekkande · Positivt at det ved gjennomføring vert ei opprusting av trafikale tilhøve · I høve til kulturminne har det vore gjennomført undersøkingar i 2012 utan påvisning av kulturminne, minnar likevel om varslingsplikt ved eventuelle funn | <ul style="list-style-type: none"> · Vert innarbeidd i framlegg til revidert arealplan 2014 · Teke til etterretning |
|-------------|--|---|

Folkehelse, Miljø og Økonomi

I høve til desse tre omgrepa kan dette framlegget til plan skildrast med ulike gradientar. Når det gjeld folkehelse vil til dømes opparbeiding og drift angå nokon i høve til støy og støv, medan transporten av masser vil skje uavhengig av planområdet og angå mange. Samstundes vil gjennomføring vere med å auke trafikktryggleiken både i krysset ved Holme og langs fylkesvegen forbi barnehage og forsamlingshus

Når det gjeld miljø vil til dømes noko beite og plantefelt gå bort, men verte omdanna til fulldyrka areal på sikt. Eit deponi fører med seg at transportfirma har føreseielegheit og kan planlegge transport til og frå meir effektivt, medan andre areal i ikkje vert berørt. Effektiv og planlagt drift er ein økonomisk faktor både for brukarar og tiltakshavar som og treng tilsette som skal styre den daglege drifta av deponiet.

Slik, og fleire synsvinklar, kan akkurat denne saka vurderast. Det som me sikkert veit er at behovet i høgste grad er til stades og at transportvolum allereie er på vegane.

Konklusjon

Med bakgrunn i tidlegare handsaming i saka, endra plandokument, offentlig ettersyn og gjennomgangen, ser administrasjonen ikkje at det har kome nye fakta som gjev grunn til at ein ikkje skal gå vidare med framlegget til plan. Gjennomføring vil kunne vere til belastning for eit mindre tal eigedomar og brukarar, men nytta synast vesentleg større. Der er klare rammer i kart og føresegner som tek omsyn til omgjevnadane. Vidare skal gjennomføring av sjølvdeponiet og rammer for dette utformast ved driftskonsesjon og driftplan. Gjennomføring (drift) i deponiområdet kan ikkje ta til før dette er utforma og godkjent av Direktoratet for mineralforvaltning.

Framlegg til vedtak:

«Meland kommunestyre godkjenner i medhald av pbl § 12-12 framlegg til reguleringsplan for Hoplandsdalen jorddeponi med planID 1256 2009 0003 med planlankart datert 02.10.2013, føresegner datert 22.05.2014 og tilhøyrande planskildring.2

Utval for drift og utvikling - 53/2014

UDU - behandling:

Per Kristian Holmetun, SP, stilte spørsmål om han er ugild fordi hans far leverte merknad til reguleringsframlegget ved 1. gongs utlegging til offentlig ettersyn. Far hans har ikkje levert merknad til planen ved 2. gongs utlegging til offentlig ettersyn. Holmetun forlot møtet og varamann Rune Skår tok plass.

Ved røysting om habilitetsspørsmålet vart det gjort samrøystes vedtak om at Per Kristian Holmetun ikkje er ugild. Holmetun tok plass att og Rune Skår forlot møtet.

Framlegg til vedtak frå Leif Johnsen, MDG:

Meland kommune er i ferd med å utarbeide ny kommuneplan. UDU finn det derfor rettast at store tiltak som dette deponiet ikkje vert vedteke før kommuneplanen er ferdig og ein har ein heilskapleg plan for denne type arealbruk i kommunen.

Framlegg til vedtak frå Per Kristian Holmetun, SP:

Meland kommunestyre avslår framlegg til reguleringsplan for Hoplandsdalen jorddeponi med planID 1256 2009 0003 med plankart datert 02.10.2013, føresegnar datert 22.05.2014 og tilhøyrande planskildring. Dette med bakgrunn i de negative konsekvenser som tiltaket vil ha for nærmiljøet, både med tanke på støv og støypromblematikk, økt trafikk (ulykkesfare) i tilknytning til barnehage/skuleveg, samt usikkerheten rundt de miljømessige farene et deponi vil medføre for nærmiljøet og kulturområde Holmeknappen.

Framlegg til tillegg til adminstrasjonen sitt framlegg til vedtak i møtet:

..... men med endring av føresegnene § 2.4 punkt 4 til: "Endeleg driftstider vert fastsett i utbyggingsavtale."

Avrøysting:

Framlegg til vedtak frå Per Kristian Holmetun, SP, fekk 4 røyster for, 5 røyster mot, (H,

Framlegg til vedtakt frå Leif Johnsen, MDG, fekk 3 røyster for (MDG, SP, V), 6 røyster mot (H, FrP, AP), og fall.

Adminstrasjonen sitt framlegg til vedtak fekk 5 røyster for, (1 FrP, 2 AP, 2 H), 4 røyster mot (1 FrP, V, MDG, SP), og er såleis vedteke.

Tilleggsframlegget i møtet vart samrøystes vedteke.

UDU – Framlegg til vedtak:

Meland kommunestyre godkjenner i medhald av pbl § 12-12 framlegg til reguleringsplan for Hoplandsdalen jorddeponi med planID 1256 2009 0003 med planlankart datert 02.10.2013, føresegner datert 22.05.2014 og tilhøyrande planskildring.2, men med endring av føresegnene § 2.4 punkt 4 til: "Endeleg driftstider vert fastsett i utbyggingsavtale."

Protokolltilførsel i møtet:

Følgjande elememter må drøftast vidare i samband med utbyggingsavtalen:

- Åpningstid for levering og arbeid i anlegget
- Antal lass per dag
- Etterkontroll av støy ved faktisk måling
- Fysiske skiller mellom fortau og kjørebane
- Innmelding av målte verdier for avrenning etter fastsatt intervall
- Rett til revurdering av omfang, frekvenser, åpningstid, drift mm etter en viss tids drift mm og seinere
- Antall driftsår totalt